



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.: 18/16289

Vår dato: 28.09.2018  
Vår ref.: 2017/3228  
Arkivnr.: 421.3

Gjesdal kommune  
Rettedalen 1  
4330 Ålgård

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

---

## Svar på høyring av forslag til kommuneplan for Gjesdal 2018-2030

---

*Gjesdal kommune gjer ein avgrensa revisjon av samfunnsdelen og arealdelen. Planforslaget er eit oversiktleg og planfagleg solid dokument.*

*For å styrke kommuneplanen som styringsverktøy, bør ein del av målsettingane og strategiane i samfunnsdelen vere meir konkrete.*

*Det er gjort få endringar i arealbruken, men nokre føresegner/retningslinjer er konfliktfylte i forhold til nasjonale og regionale omsyn.*

---

Planforslaget med avgrensa høyring av samfunnsdelen og arealdelen blei lagt ut til offentlig ettersyn 14.juni.

### SAMFUNNSDEL

Samfunnsdelen har ei tenleg tematisk oppbygging og er både oversiktleg og informativ. Kommunen har lagt til rette for god medverknad både internt i organisasjonen og ut mot innbyggerane. Involvering av innbyggerane gir ei betre forankring for kommuneplanen og styrkar den som overordna styringsverktøy.

### *Bustadbygging*

Kommunen sin overordna strategi med vekt på minst mogleg avstand mellom bustad, arbeid og fritid og god tilknytning til kollektivtrafikk, er i tråd med nasjonale føringar. Det gjeld også strategien om å nytte bustadsosiale verkemiddel ved bustadbygging. Det er vidare positivt med satsing på levande bygder og tilrettelegging for busetting i slike område, der det ikkje kjem i konflikt med landbruket. Gjesdal bør likevel ta ein ny gjennomgang av kva område i kommunen som har busettingsomsyn, jf. vår merknad om dette til retningslinjene.

## ***Barn og unge***

Kommunen har tatt del i det regionale arbeidet med den nasjonale satsinga på Sjumilssteget. Det er positivt at omsyn til born og unge sitt oppvekstmiljø er eit sentralt tema i samfunnsdelen. Det er samstundes viktig at kommuneplanen definerer tydelege mål og konkretiserer tiltak slik at satsinga blir følgt opp. Samfunnsdelen legg vidare vekt på attraktive leike- og uteområde, jf. rikspolitiske retningslinjer for barn og unge. Dette må også sikrast i føresegnene til kommuneplanen, med mellom anna tilstrekkelege krav til uteareal ved bustadbygging.

## ***Friluftsliv***

Det er positivt at Gjesdal legg vekt på ivaretaking av eksisterande naturkvalitetar og landskapselement ved bustadbygging. Kommunestyret har vedtatt at Gjesdal skal vere ein friluftskommune, og i den samanhengen skal friluftsområda kartleggast. Dette vil gje eit betre grunnlag for bruk og vern av turområde med både lokal og regional verdi.

## ***Landbruk***

Landbruksnæringa står sterkt i Gjesdal. Det er viktig å sikre landbruket sine næringsareal, og gjennom eit konkret jordvernmål har Gjesdal lagt ei tydeleg føring for vern av jordressursane i kommunen i tråd med nasjonale og regionale føringar. I utgangspunktet bør det vere ein nullvisjon for bygging på jordbruksjord. Nasjonal jordvernstrategi har skjerpa målet om at den årlege nasjonale omdisponeringa av dyrka jord skal vere under 4000 dekar. Ein regional jordvernstrategi er under slutføring for å følge opp det nasjonale målet. Strategien har vore på høyring med forslag til retningslinjer for korleis nasjonalt jordvernmål kan gjennomførast regionalt.

## ***Klima og energi***

Koplinga til Gjesdal sin klima og energiplan bør gjerast tydelegare, med målretta føresegner og retningslinjer for å oppnå kutt i klimagassutslepp. Plan- og bygningslova er eit viktig verkemiddel som bør nyttast aktivt for å nå mål om redusert klimagassutslepp, og kommuneplanen bør legge føringar for korleis samfunnsutviklinga skal skje i tråd med klima-målsettingane. Kommunen kan til dømes bruke føresegner og retningslinjer om materialval, energikjelder og type bygningar meir aktivt for å legge klima- og miljøvennlege føringar for ny utbygging.

Vi vil også minne om nye statlege planretningslinjer for energi, klima og klimatilpassing som har vore på høyring og som kan nyttast som rettesnor og inspirasjon.

## ***Folkehelse***

Vi viser til folkehelselova § 6, 2. ledd der det står ; *«Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplaner etter plan- og bygningsloven kapittel 11 fastsette overordnede mål og strategier for folkehelsearbeidet som er egnet til å møte de utfordringer kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten etter § 5 annet ledd.»*

Kommuneplanen skal synleggjere koplinga mot eigne utfordringar avdekka i utfordringsdokumentet for folkehelse. Dette dokumentet skal vere ein viktig premiss for

kommunen sine målsettingar og strategiar i alle planar for utvikling og drift av kommunen.. Folkehelseutfordringane bør difor synleggjerast både i kapittel ein og to i samfunnsdelen.

Kommunen skal vise prioriterte satsingsområde med konkrete målsettingar og tiltak knytt til dei viktigaste folkehelseutfordringane. Vi rår til å gjere strategiane som er relevante for folkehelsa, meir konkrete, bl.a. ved å vise til kva sektorplan/dokument strategien skal følgast opp i, jf. planstrategien og utfordringsdokumentet. Dette vil også styrke kommuneplanen som styringsverktøy.

Psykiske helseplager for ungdom er til dømes beskrivne som ei utfordring både i samfunnsdelen og det nemnte utfordringsdokumentet. Her bør derfor kommuneplanen definere tydelegare mål og i større grad konkretisere tiltak for styrking av barn og unge si psykiske helse og vise til kva sektorplanar arbeidet skal forankrast i.

Kommuneplanen bør leggje vekt på korleis det skal arbeidast systematisk og langsiktig for å redusere dei sosiale skilnadene mellom innbyggjarane. Her bør kommunen vise til fleire tiltak og verkemiddel enn det som går fram av høyringsforslaget, til dømes knytt til fritidsaktivitetar, økonomisk sosialhjelp, bu-støtte, bustadlån, arbeid, betalingssatsar i barnehage/SFO mv. Også her må forankringa til relevante sektorplanar tydeleggjerast.

Kommuneplanen peikar på utfordringa knytt til at talet på innbyggjarar over 80 år vil doblast innan få år. Kommuneplanen har likevel ikkje konkretisert korleis denne utfordringa skal møtast. Planforslaget viser mellom anna til ein strategi om å utvikle framtidretta kommunale tenester, men utan ytterlegare skildring av korleis dette skal følgast opp med til dømes tverr-sektorielle temaplanar knytt til for eksempel kultur, helse, bustadbygging eller NAV.

### ***Skule og barnehage***

Kommuneplanen viser målsettingar og strategiar som er knytte opp mot gode og relevante måleindikatorar. Kommunen skal rullere oppvekstplanen, og i den samanhengen skal strategiane på dette området konkretiserast ytterlegare.

Fleire av målsettingane knytte til barn og unges læring og trivsel er for defensive. Målet om mindre mobbing enn landssnittet og 4 prosent færre elevar enn landssnittet på lågaste meistringsnivå blei til dømes nådd ved førre måling. Vi rår derfor kommunen til å justere nokre av målkrava og til å vurdere og eventuelt justere dei gjennom planperioden.

Kommuneplanforslaget har eit spesielt fokus på å inkludere fleirkulturelle barn og unge. Dette er svært positivt, men Fylkesmannen rår i tillegg kommunen til å utarbeide mål og strategiar for opplæring av minoritetsspråklege barn og unge.

Gjesdal manglar barnehagelærarar og bør vurdere ein ny måleindikator basert på *andel årsverk dispensasjonar fra utdanningskravet*.

### ***Tryggleik og beredskap***

Kommunen har på ein kort og oversiktleg måte framstilt det sentrale i krava som er sette i Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3.

Fylkesmannen viser til det som står i samfunnsdelen om samfunnssikkerheit og beredskap. Der har kommunen på ein kort og oversiktleg måte funne essensen av dei forventningane som er gitt i Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3. Det er eit eksempel til etterfølging.

## AREALDEL

Fylkesmannen er positiv til endring av arealføremål i uttaksområde som er tilbakeført til landbruk sidan det er LNF-føremålet som speglar den langsiktige arealbruken her.

### *Dirdal gravplass*

Foreslått areal for utviding av Dirdal gravplass ligg under aktsemdssone for flaum. Kyrkjegardar bør i utgangspunktet ikkje ligge utsett for flaum. Kommunen planlegg å bruke det aktuelle arealet til mellomdeponering av massar, oppføring av reiskapshus o.l. Fylkesmannen legg til grunn at området blir tilstrekkeleg sikra før det blir tatt i bruk, og at kommunen om nødvendig utarbeider faresonekart slik at flaumfaren i området blir konkret kartlagt. Den planlagde utvidinga legg vidare opp til ein relativt langstrakt gravplass der eit betydeleg areal under høgspintlina ikkje vil kunne nyttas til føremålet. For landbruksinteressene vil det også vere ein fordel om arealet under høgspintlina blir tilbakeført til LNF-føremål. Vi har derfor **fagleg råd** om at kommunen heller vurderer ei meir kompakt utbygging av kyrkjegarden mot nord eller sør i tilknytning til riksveg 45.

### *Akvakulturanlegg i Oltesvik*

Den nye avgrensinga er sett med bakgrunn i gitt dispensasjon, og det føreslegne arealet omfattar også sikringssone og ankerfeste. Fylkesmannen har **fagleg råd** om at sjølve anlegget på sjø-overflata blir vist med føremål *Akvakultur*, medan areal til fortøyingar og sikringssone blir vist med kominasjonsføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag*. Dette vil legge mindre restriksjonar for arealbruken på overflata og det vil også bidra til å avgrense storleiken på anlegget i tråd med den gitte dispensasjonen.

## FØRESEGNAR OG RETNINGSLINER TIL AREALDELEN

### *Minstekrav til parkeringsplassar*

I § 1.3 er det satt minstekrav til parkering for bil og sykkel. Parkeringsdekninga for bil er relativt høg. Kommuneplanen bør i større grad legge til rette for meir miljøvenleg transport. Kommunen bør derfor revurdere minstekrava til parkeringsdekning for bil. Vi viser særleg til kravet om 1,5 parkeringsplassar til bu-einingar med bruksareal mellom 50 og 80 kvadratmeter, og kravet om 2 parkeringsplassar til bu-einingar med bruksareal over 80 kvadratmeter. Fylkesmannen har også **fagleg råd** om at det i føresegna blir satt krav om minst to sykkelparkeringsplassar pr. bu-eining.

## ***Samfunnstryggleik***

Vi ser at ny heilskapeleg ROS-analyse frå 2017 er lagt til grunn for planen med eige kapittel i samfunnsdelen. Vi tilrår at det i §2.2.2 blir presisert at den heilskapelege ROS-analysen skal bli lagt til grunn for reguleringsplanar.

## ***Privat uteareal***

Forslag til ny § 2.2.7 inneber fjerning av minimumskrav i dagens kommuneplan om privat uteareal på 6 m<sup>2</sup>. Kommunen viser til at tettare utbygging først og fremst krev gode felles uteareal. Fylkesmannen er samd i at fortetting stiller krav til gode fellesareal, men det er i tillegg viktig med private uteareal for å sikre tilstrekkeleg god bukvalitet. Vi viser til også til retningslina under punkt 6.3.4 i Regional plan for Jæren med krav om at alle bueningar skal ha egna privat uteplass. Fjerning av det gjeldande minstekravet til privat uteareal er derfor i konflikt med viktige regionale føringar om bu-miljø og kvalitet. Vi fremjar derfor **motsegn** til foreslått endring av § 2.2.7. Vi minner elles om at kravet om privat uteareal slik det ligg inne i gjeldande kommuneplan er i tråd med gjeldande praksis i andre kommunar med forholdsvis høgt utbyggingspress, jf. for eksempel nyleg vedtatt kommunedelplan for Bryne sentrum.

Fylkesmannen har også **motsegn** knytt til manglande føringar om kvalitet til både til felles og privat uteareal i kommuneplanen. Vi legg til grunn at kommuneplanen som eit minstekrav må innarbeide Regionalplanen sitt krav om sol på uteareal i føresegnene.

## ***Bygge- og deleforbod langs vassdrag***

Føresegna under § 2.6.1, første avsnitt, gjeld bygge- og deleforbod langs vassdrag som no er redusert i breidde med differensiering ut frå type vassdrag. Det er gjort etter tilråding frå NVE. Vi har forslag til språkleg presisering slik at andre setninga i avsnittet lyder slik: «*Forbudet gjelder også i 50-meterssonen for øvrige vassdrag og i 35-meterssonen for mindre bekkeløp til disse øvrige vassdragene*».

## ***Erstatningsbygg innanfor byggeforbodssona langs vassdrag***

I § 2.6.2 blir det gjort unntak frå byggeforbodet ved riving og gjenoppføring av bustadhus, fritidsbustader, naust og liknande på same stad. Sjølv ved oppføring av erstatningsbygg kan det vere relevant å vurdere lokalisering opp mot viktige omsyn som til dømes naturinteresser, landskap, friluftsliv, samfunnstryggleik og anna. Det gjeld særleg i vassdragsnære område der slike interesser ofte gjer seg gjeldande med styrke. Kommunen må også i saker som gjeld erstatningsbygg følgje plan- og bygningslova si normalordning, som er å vurdere slike tiltak som dispensasjon frå byggeforbod. Fylkesmannen har derfor **motsegn** til § 2.6.2 slik den no ligg føre.

## ***Bekkeløp***

Føresegna under § 2.6.5 har gode intensjonar knytt til ivaretaking av bekker som miljøelement og det biologiske mangfaldet knytt til desse. Vi har **fagleg råd** om at følgande tillegg blir lagt til føresegna: «Ved vurdering av nye utbyggingsprosjekt med lukka bekkeløp, skal kommunen vurdere moglegheit for opning av bekk som ledd i overvasshandtering.»

### ***Kantvegetasjon***

Planforslaget inneber reduksjon av det naturlege kantvegetasjonsbeltet langs vassdrag frå eit minstekrav på 10 meter i dagens kommuneplan til 2 meter. Bakgrunn for forslaget er omsyn til landbruksdrift. Ein slik reduksjon av vegetasjonsbeltet vil vere i konflikt med viktige omsyn knytt til biologisk mangfald, friluftsliv, vassmiljø og flaum erosjonsrisiko. Fylkesmannen har derfor **motsegn** til føresegna i § 2.6.6. Minstekrav til vegetasjonsbelte langs vassdrag med årsikker vassføring må settast til «minimum 6 meter» for ivaretaking av miljøinteressene og slik at føresegna blir i samsvar med nydyrkingsforskrifta § 6. Kommunen må også innarbeide retningsline om at det langs hovudløp langs verna vassdrag skal vurderast ei breiare vegetasjonssone utover kommuneplanens minstekrav, jf. Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag. Ei slik retningsline bør også gjelde andre vassdrag med vesentlege naturverdiar, jf. vassressurslova § 11.

### ***Unntak frå plankrav ved mindre tiltak***

Etter vår vurdering er § 3.1 for generell. Dei omsyna som ligg til grunn bak reguleringsplankrav kan gjere seg gjeldande sjølv ved mindre tiltak og erstatningsbygg. Kommunen bør derfor vurdere å ta ut den nemnte føresegna, eventuelt snevre inn rekkevidda.

### ***Bygd areal i uregulerte område***

I § 3.2.1 står det innleiingsvis at: «*der ikke annet framgår av reguleringsplanen tillates det maks 40-% bebygd areal (%- BYA), pluss parkeringsareal, pr eiendom...*». Hensikten med føresegna er å styre utnyttingsgraden ved bustadbygging i uregulerte område. På store tomter kan den foreslåtte føresegna åpne for svært store hus. Kommuneplanen bør vere eit styringsverktøy også knytt til maksimal storleik av bustadhus i ikkje-regulerte område. Vi har derfor **fagleg råd** om at den nemnte føresegna blir supplert med ei øvre avgrensing på grunnflata på slike bustadhus.

I § 3.3.4 som gjeld område for fritidsbusetnad blir det opna for at: «*Felles stier med bredde opp til 1 m kan anlegges for å forenkle transport. Stier må anlegges på skånsom måte med avstand fra bekker/elver på minst 10 m*». Fylkesmannen ser at etablering av felles stiar til hytter for å betre framkomst kan vere ei tenleg løysing i mange tilfelle, også for varetaking av natur- og friluftinteressene som reduksjon i slitasje på natur m.m. Slike forhold må uansett vurderast konkret gjennom dei enkelte reguleringsplanane.

### ***Landbrukstiltak i LNF-områda***

§ 5.1.1 bør oppdaterast i tråd med gjeldande lovverk. Vi viser i den samanhengen til pbl. § 11-7, nr. 5, bokstav a der det aktuelle planforemålet er definert som; «*areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag.*» Tiltak for friluftsliv må avgrensast til *mindre tiltak* ettersom det innanfor LNF-foremålet berre kan

tillatast enkel tilrettelegging og vedlikehald for friluftsliv som til dømes stiar, bruer, skiløyper og leir- og rasteplassar.

### ***Erstatningshus i LNF-områda***

§ 5.1.2 opnar for at det på frådelte bustadeigedomar i LNF-områda kan tillatast riving og gjenoppføring av bustad på same stad, tilsvarande som for fritidsbustader i § 5.1.3. Føresegna kan tolkast som at det på gitte vilkår er ein automatisk rett å føre opp erstatningshus i LNF-områda. Det er i konflikt med plan- og bygningslova si normalordning der erstatningshus som ikkje er knytt til eit driftsmessig behov, skal behandlast gjennom dispensasjon. Føresegna slik den no ligg føre opnar for ei forsterking av bustadinteressene mot LNF-interessene, utan tilknytning til landbruksdrift.

Fylkesmannen har derfor **fagleg råd** om at omgrepet «*riving og gjenoppføring av boliger på samme sted*» i § 5.1.2 går ut. Vi er klar over at fleire andre kommunar har tilsvarande formuleringar om erstatningshus, og skal ta ein gjennomgang av denne praksisen.

### ***Tryggleik og beredskap***

I § 7-1 blir det lagt til grunn eit årleg gjentaksintervall på 1/200 + sikkerheitsmargin på 0,4 meter. Føresegna er ikkje korrekt i forhold til klimapåslaget. Vi tilrår eit klimapåslag på 20 % på vassføringa av ein 200-årsflaum, jf. høyringsuttalen frå NVE.

### ***Retningsliner til bustadbygging i LNF-områda***

I retningsline G har kommunen gitt føringar for dispensasjon for bustadbygging i LNF-områda. Dette var eit nytt grep ved førre kommuneplanrullering og var meint som ei erstatning for føresegner om spreidd bustadbygging etter plan og bygningslova § 11-7, nr. 5, bokstav b. Ut frå våre erfaringar har denne tilnærminga til spreidd bustadbygging fungert godt i planperioden, sjølv om det har vore nokre krevjande enkeltsaker. Område for spreidd bustadbygging i LNF-områda er meint som eit verkemiddel for å styrke busettinga i distrikta. Fleire av områda som kommunen har definert med busettingsomsyn ligg i relativt kort køyreavstand frå kommunesenteret, og det skal slik sett ikkje vere tunge samfunnsinteresser knytt til styrking av busettinga. Vi har derfor **fagleg råd** om at kommunen gjer ein ny gjennomgang av kva område som faktisk har busettingsomsyn.

Vi foreslår også eit nytt punkt under retningslina om at; «*ikke ROS-vurderinger viser uakseptabel risiko eller sårbarhet*». I siste avsnitt bør det også bli presisert at tomte skal vere tilstrekkeleg vurdert og avklart i høve til tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følge av natur- eller miljøforhold, jf. pbl. § 28-1. Dette er særleg aktuelt for dei fareområda som den heilskapelege ROS-analysen for kommunen viser er uakseptable og der tiltak bør gjennomførast knytt til flaum/overvann, ras, trafikkuhell, el-bortfall, brann og vind.

### ***Massefyllingar og uttak***

Retningsline M gjeld massedeponi/fyllingar og masseuttak i LNF-områda og legg mellom anna føringar for saksbehandling av slike tiltak. Krav til saksbehandling av slike tiltak er styrt av plan- og bygningslova og i pbl. § 20-1 er det slått fast søknadsplikt for vesentlege terrenginngrep. Om påføring av massar skal reknast som eit vesentleg terrenginngrep med søknadsplikt etter plan- og bygningslova må gjerast ut frå ei totalvurdering av høgd og utstrekning på fyllinga. Kommunane

bør nøye vurdere søknadsplikt for påfylling av masser som rårar areal på over eitt dekar. Ei slik føring har også støtte i etablert forvaltningspraksis. Det vil ofte også vere sannsynleg at tiltak som strekker seg over eit areal på meir enn eitt dekar vil kunne råke interesser som plan- og bygningslovgivinga skal ivareta, til dømes landskaps- og naturverdiar, kulturminne, trafikkisikkerheit og anna. Vurderinga av om fyllinga krev dispensasjon eller ikkje, er også direkte styrt av plan- og bygningslova. Nødvendige landbrukstiltak er i tråd med LNF-føremålet medan massefyllingar fell utanfor. Eit generelt utgangspunkt må vere at dersom det skal førast på meir massar enn det som er nødvendig for sjølve jordforbetringa, må tiltaket vanlegvis reknast som ei massefylling. Fylkesmannen legg etter dette til grunn at avsnitt tre og fire i den aktuelle retningslina enten blir fjerna eller justert slik at den blir i samsvar med plan- og bygningslova.

I retningsline 3.1 i Regionalplan for massehandtering står det innleiingsvis at; «*For alle bygg, anlegg- og samferdsel-, og infrastrukturtiltak som genererer over 1000 m<sup>3</sup> masse (uam) skal grunnforhold og disponering av masse inngå som del av planbeskrivelsen...*»

Ei slik beskriving av grunnforhold og disponering av masse bør leggest inn i startpakken ved oppstart av regulering. Fylkesmannen har **fagleg råd** om at retningslina også blir innarbeidd i kommuneplanen slik at kravet til beskriving av grunnforhold og disponering av masse blir framheva og gjort betre kjent som eit krav til planbeskrivinga.

## OPPSUMMERING

### Motsegner til føresegner

- § 2.2.7 – fjerning av krav om privat uteareal.
- motsegn til manglande føringar knytt til kvalitet på uteareal.
- § 2.6.2 – erstatningsbygg innanfor forbodsgrense langs vassdrag.
- § 2.6.6 – reduksjon av kantvegetasjon langs vassdrag.

### Fagleg råd til arealdelen

- utviding av grav og urnelund i Dirdal.
- akvakulturanlegg i Oltesvik.

### Fagleg råd til føresegner

- § 1.3 – minstekrav til parkeringsdekning for sykkel.
- § 2.6.5 – presisering av føresegn om bevaring av bekker.
- § 3.2.1 – bustadhus i uregulerte område.
- § 3.3.4 – tilkomstveggar til fritidsbustader.
- § 5.1.2 – erstatningshus i LNF-områda.

### Fagleg råd til retningsliner

- G- spreidd bustadbygging og ny gjennomgang av kva område som har busettingsomsyn.
- M- saksbehandling av massedeponi og fyllingar.
- innarbeiding av retningsline frå Regionalplan om massehandtering.



-----

Me ser fram til dialog vidare i denne gode planprosessen !

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernsljef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Trond Olav Fiskå  
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 69  
E-post: fmrotof@fylkesmannen.no

Kopi til:

NVE Norges vassdrags- og energidirektorat  
Statens vegvesen, Region Vest  
Rogaland fylkeskommune  
Kystverket  
Forsvarsbygg

Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
Askedalen 4	6863	Leikanger
Postboks 130	4001	Stavanger
Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO